

Stor interesse for inovasjon og lokalt næringsliv.

05.08.2016



Ingrid Guddal frå Inovasjon Norge snakka om nytteverdien av å jobba i næringsklynger.

Næringsseminaret samla mykje folk i dag. Tema var inovasjon og lokal næringsutvikling. Ordførar Slettebø sa i opningstalen sin at Kvinnherad har sterke verksemder som evnar å ta ei omstilling i nedgangstider. Kommunen er og skal vera ein viktig medspelar i å skapa gode rammevilkår for alt næringsliv.

Tidlegare rådmann i Odda, no tilsett i Inovasjon Norge, snakka om næringsklynger og det å kunna sjå nytteverdien av samarbeid innan eiga næring , men og på tvers av næringar. Røynsle til ny syner at det å jobba i klynge fører til auke i omsetnad og auke i tal tilsette. Ei lokal næringsklynge innan maritime næringar finn vi på Stord.



Øyvind Gaute Berg og Bjarte Døssland frå Borgen Advokatar AS

Øyvind Gaute Berg og Bjarte Døssland hadde eit innlegg om fusjon av to mindre advokatfirma, noko som var naudsynt for å kunna møta framtida med meir speialisering og auka krav til kompetanse. Fusjonen i 2011 har vore god for organisasjonen og for den tenesta Borgen Advokatar AS skal yta i lokalsamfunnet.

Uskedalen.no fekk ikkje høyrja dei to siste innlegga på næringsseminaret. Tittelen var Blir Vestlandet som Japan v/ sjefsøkonom i Eikagruppen, Jan Ludvik Andreassen. Seminaret vert så avslutta med Janove Ottesen frå Kaizers Orchestra.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal